

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Midt

**Tid/Sted:** Onsdag 22.04.20 kl 12.00 – kl 13.20

**Tilstede:** Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Johan Kristian Daling, Sverre Tyldum, Borgny Kjølstad Grande, Kolbjørn Frøseth, Bård Tore Berntsen, Olav Håkon Ulfnes, Roy Albertsen og Magne Trondmo

**Forfall:**

**Kopi til:** Vara AU, Silje Laugsand Pynten og Tor Olav Brandtzæg

**Referent:** Brit Kari Eidsefot Hauger

Molde, 22.04.2020

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p><b>Innspel til styret knytt til strategiprosessen</b></p> <p><b>1)</b> Nortura har mistet tilførsler og tapt markedsandeler i tilførselsmarkedet de siste årene. I den nye strategien er det en klar målsetting om å snu den utviklingen. Det er nødvendig, både for å kunne håndtere rollen som markedsregulator på en effektiv måte og for å fungere som prissetter i framtida.</p> <p><i>Hva mener du er de 3 viktigste kriteriene som må oppfylles (i prioritert rekkefølge) for at vi skal nå målene om økte markedsandeler i tilførselsmarkedet?</i></p> <p><b>Innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• God pris. Kjenne stoltheit for merkevarene og eigarfølelse, med ansvar og plikt for godt omdømme. Tillit og informasjon, for forståing av kvifor ting skjer. Oppsøkande verksem, føle seg sett.</li> <li>• Pris. I sosiale media stilt kritiske spm til kostnadene, må opne opp og skape forståing for utfordringane, m.a. å vere marknadsregulator.</li> <li>• Pris viktigare framover no. Viktig å skjøne og forstå, men også diskusjon om kva vi skal drive med, kan ikkje drive med alt. Kome på offensiven. Eigarfølelse og stoltheit viktig. Oppsøkande verksem: Har vore ringerunde til produsentar her som ein fryktar skulle fylge med transportør til konkurrent, vart positivt mottatt.</li> <li>• Konkuransedyktig pris viktigast. God relasjon til rådgjevar og eigarfølelse for Nortura. På svin OK, men ikkje på storfe. Klistremerke for nokre år sidan, med tekst "Eier av Nortura – bondens selskap" var veldig bra.</li> <li>• Konkuransedyktig pris. Stoltheit for at vi styrer utviklinga i landbruket. Skape stoltheit for at vi sikrar god mattryggheit og dyrehelse.</li> <li>• Få fram vår samfunnsoppgåve til politikarar. Veldig glad vi har Nortura i denne tida. Må verte betre til å gjennomføre det vi planlegg. Lik pris over heile landet. Vere betre på prosessar, ta grep i lag. Oppsøkande aktivitet.</li> <li>• Pris. Merkevarene. Dyktigare til å fortelje kva er alternativet. Sosiale media utfordrande.</li> <li>• Best på pris er utprøvd, så spm om kor langt under vi torer å vere konkurrentane.</li> </ul> <p><b>Oppsummering:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Konkuransedyktig pris. Oppsøkande virksomheit. Eigarfølelse og felles virkelegheitsforståing for selskap og eigarar.</li> </ul> <p><b>2)</b> Den Gordiske knute: Nortura mister mye tilførsler fordi vi ikke er tilstrekkelig konkurransedyktig på pris. Samtidig når vi foreslår tiltak for å styrke betalingsevnen til</p>	

bonde, så mister vi tilførsler da også, hvis tiltakene berører bonden enten direkte eller indirekte. Eksempler er endringer i inntransport og nedlegging av Otta-anlegget.

*Hvordan skal Nortura håndtere dette dilemmaet i framtida slik at ikke innsparingspotensialet smuldrer bort i utmeldingsprotester?*

Innspel:

- Felles virkelegheitsforståing hos eigarane.
- Synleggjere at dei grepa som vert tatt gjev økonomisk gevinst for bonden.
- Få fram at Nortura er ein viktig kontinuitetsbærar for landbruk over heile landet, med lik pris over heile landet. Klar tale om tal og målsetjinga med selskapet. Utan eit sterkt Nortura har vi ikkje landbruk over heile landet.

Oppsummering:

- Felles virkelegheitsforståing, Synleggjer at tiltak vi set i verk gjev resultat. Kunnskap hos eigarar om Nortura si rolle i norsk landbrukspolitikken/landbruk over heile landet.

**3)**

Nortura kommer i den nye strategiplanen til å sette et tydelig mål om konkurransedyktighet på utbetalingspris til bonden. Som et ledd i å styrke konkurransekraften, og i neste omgang evne til å betale bonden best mulig, jobbes det blant annet med en enhetlig industriplan. Skal den kunne realiseres vil det de neste årene bli behov for noen ekstraordinære investeringar.

*Gitt en situasjon der det kan bli krevende å oppfylle begge disse målsettingene samtidig: Hvordan bør Nortura prioritere da? Hvilket råd vil du gi til styret?*

Innspel:

- Gardbrukarar er flinke til å tenke langsiktig, og at ein haustar etter langsiktig investering. Gje ganske bra pris, samtidig som vi investerer.
- Må prioritere investeringar og utbetalingspris. Opne for individuelle kapitalinstrument som gjev eigarfølse. I dag verken renter eller utbetaling, berre irritasjon fordi det ikkje er tilgjengeleg. Ta ned avrekningspris som kan setjast på ein individuell medlemskapitalkonto.
- Irritasjon over at det ikkje er forrenting eller utbetaling frå medlemskapitalkonto. Forrenting kunne gjort situasjonen betre, framfor utbetaling.
- Einheitleg plan som vert kommunisert ut.
- Generelt: Ikke alltid høyre på dei som ropar høgast, kan hende det er mange som er einige med styret, men ikkje ropar. Ta beredskapstenking inn i strategiplanen.

Oppsummering:

- Få forståing for langsiktig perspektiv. Prioritere investeringar og langsiktigheit framfor kortsiktige utbetalinger. Opne for individuelle kapitalinstrument.

**Vedtak: AU oversender innspela til styret.**

---

**2 Orientering frå Medlem region Midt**

Roy orienterte om marknadsandelane. Tala hittil i år usikre pga manglende rapportering frå KLF. Rullerande 12 mnd pr mars 76,4 % på storfe, 73,9 % på gris, 63,0 % på småfe. Svak betring. På storfe tap av leveransar og produsentar. På gris bevegelse mot Nortura pga betra vilkår. På småfe lite aktivitet.

Aktivitet: Ingen fysiske besøk, men på landsbasis ein auke i aktivitet mot bonde på 50 %. Webinar godt mottatt. Livdyrplattform i gang frå 01.06, testperiode no. Kåring av storfe vert no gjennomført med restriksjonar. Oppmuking for tilførselskritiske besøk frå 27.04.

Jobbar med sesongplanlegging. Får ikkje sesonghjelp frå land vi brukar vikarar frå. Malvik vert prioritert for storfeslakting og -skjering, Førde for småfe.

Inntransport: Forhandlingsmøter med underleverandørar startar i morgen. Har overkapasitet på inntransport i heile landet, særleg i Midt og Øst. Ser på mogelegheitene innanfor eksisterande avtalar.

Slaktekapasitet Malvik: Skal ta volum frå Otta, auke på 100 – 150 dyr/veke. Gjort effektiviseringstiltak, og mogeleg overtid for å unngå skyving. Men skyving innan avtaleperioden må forventast i sesong.

Spørsmål/kommentarar:

- Kvifor dårleg rapportering frå KLF-bedriftene?
- I Nortura misnøye hos smågrisprodusentar.
- Vil tiltak for å få inn storfe no avhjelpe avviklinga av småfesesonsgen?
- På småfe vert det spekulert i å levere Midt-Norge slakteri, for å sikre at dei vert slakta på Malvik.
- Viktig å sikre tilførslar, ved å unngå for mykje skyving og henting av dyr i slutten av avtaleperioden.
- God informasjon hjelper alltid, viktig å informere kvifor det vert skyving.
- Årsak til manglende respons på auka avtaletillegg på storfe?

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**3 Eventuelt**

- Lars Morten har prata med RU-leiarane i region Nord og Vest vedk innspelet frå AU Innlandet. Einigkeit om innspelet, men for kraftig ordbruk. Industriutviklinga som er sett i gang no må fylgjast opp. RU-leiarane er kalla inn til eit tlf møte i morgen kveld for koordinering av innspel til årsmøtet.
- Johan Kristian etterspurte tiltak i forhold til auka kraftfôrpris og andre kostnader.